

Versjon 2

Korleis skape arbeidsplassar for framtida i Nordland og Nord-Noreg?

Eit nytt nord

Å arrangere eit samråd saman med Kunnskapsdepartementet og Universitetet i Nordland er ei viktig hending.

KRD har det nasjonale ansvaret for distrikts- og regionalpolitikken. Dette inneber ikkje berre å støtte næringsutvikling, innovasjon og anna utviklingsarbeid gjennom verkemiddelaktørane våre og fylkeskommunane.

KRD er også opptatt av å støtte ein forskings – og utdanningspolitikk som sikrar lik tilgang til utdanning og forskning i heile landet

Nyleg overleverte Kompetansearbeidsplassutvalet, leia av professor i samfunnsøkonomi, Karen Helene Ulltveit Moe, ei offentleg utgreiing til statsråd Liv Signe Navarsete.

Konklusjonen er at det er god samfunnsøkonomi å syte for vekst i kompetansearbeidsplassar over heile landet. Berre slik sikrar vi høgast muleg nasjonal verdiskaping.

Desse perspektiva tek vi inn i stortingsmelding for distrikts- og regionalpolitikken som vi skal vi leggje fram i 2012.

Viktige spørsmål er:

- Korleis skal vi få fleire kompetansearbeidsplassar i landsdelen?
- Korleis kan vi få universiteta, høgskulane, forskingsmiljøa og næringslivet til å samarbeide betre om utdanning og forskning på område der landsdelen har naturgjevne føresetnader.

Nord-Noreg

Konjunkturbarometeret for 2011 viser at det går godt i landsdelen. Eksporten er høg.

Globale utfordringar knytt til internasjonalisering av kunnskap og næringsliv, klima og ressursforvaltning, blir vevd saman med lokale og regionale spørsmål. Ei av utfordringane internasjonaliseringa på sikt kan skapa, er auka etterspørsel etter kompetansearbeidsplassar i Nord-Noreg.

Korleis skapa god rekruttering av kompetente menneskjer for framtida, samstundes med at etterspørselen etter arbeidskraft i næringslivet er så høgt i dag?

Nord-Noreg er og skal vere eit prioritert område for distrikts- og regionalpolitikken. Landselen har lange avstandar og ei spreidd busetting. I dag får landsdelen vel 1.1 milliard kr i distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel. Dette er viktig verkemiddel for utvikling av eksisterande og nytt næringsliv.

Eitt av forslaga frå kompetanseplussutvalet er å utvide arbeidsmarknadene slik at dei som blir utdanna har fleire jobbar å velje mellom. Men korleis gjer vi dette?

Lofast i Lofoten og raskare digitale nettverk er døme på å metodar for å utvide bu- og arbeidsmarknader.

Nordområda

Regjeringa sin Nordområdestrategi slår fast at kunnskap er navet i ei framtidsretta utvikling i nord. Kommunal- og regionaldepartementet sin inngang til regjeringa sin Nordområdestrategi er verdiskaping og

kompetanseauke på land, - knytt til naturressursar og på landsdelen si geografiske plassering.

Difor står vi opp om næringsutvikling, forskning og kompetanseheving, teknologi tilpassa arktiske tilhøve, og reiseliv, ei næring som sysselset fleire enn fiskerinæringa og landbruket til saman i landsdelen.

Døme på tiltak KRD støttar er VRI, NCE, ARENA, Forskingsløft i Nord og ARKTEK programmet.

HFBL

Regjeringa la nyss fram *Forvaltningsplanen for Barentshavet og Lofoten*. Målet med planen er å leggje til rette for verdiskaping gjennom ei bærekraftig forvaltning av ressursane.

Det skal ikkje gjennomførast noko konsekvensutgreiing etter petroleumslova. Stortingsmeldinga peikar på at vi treng meir kunnskap om samfunns- og næringsmessige verknader og ringverknader særleg på fiskeri og reiseliv. Dette arbeidet er vi i gong med, og det skal skje i samspel med regionale og lokale styresmakter.

Forskingsløft i nord er eit godt døme på næringsretta kunnskapsutvikling som kan nyttast.

(FORSKING)

Mesteparten av dei offentlege forskingsmidla i Nord-Noreg går til universitet- og høgskolesektoren. Næringslivet si deltakinga er låg.

Regjeringa etablerte ordninga med regionale forskingsfond i 2009. Søkjarmassen frå 2010 og 2011 tydar på stor interesse i Nord-Noreg. Det interessante er at ved fyrste tildeling i 2010 blei ikkje midlar tildelt til universitet og høgskolar i regionen, men til andre aktørar. Det blir

spanande å sjå om universitet, høgskolane og forskingsinstitutta er kome meir på banen og får større uteljning i 2011 tildelinga!

(REGIONAL UTDANNING OG FORSKING)

Regionalt forankra utdanningsinstitusjonar gjev både kunnskap og kvalifisert arbeidskraft til arbeidslivet, og er i seg sjølv store kompetansearbeidsplassar. Nordland er eit døme på eit fylke med desentralisert utdanningsstruktur. Etablering av Universitetet i Bodø styrkar heile landsdelen.

Den desentralisert strukturen for høgare utdanning i Noreg bidreg til ei jamnare geografisk fordeling av høgt utdanna arbeidskraft, men det er likevel markante regionale forskjellar i befolkingas utdaningsnivå. Forskjellane er aukande, særleg for dei med dei lengste utdanningane.

Vi veit to ting:

1: For det fyrste at ungdom som tek høgare utdanning flyttar meir enn dei som ikkje tek utdanning, og dei flyttar meir fram til dei blir om lag 40 år.

2: For det andre veit vi at desentralisert utdanning er viktig fordi det er nær samanheng mellom kvar du studerer og kvar du seinare bur og arbeider.

Dette er med på å forklare kvifor dei fleste kompetansearbeidsplassane er i Oslo-regionen.

Vi kan få eit problem når vi veit at mange institusjonar utanfor dei største byane slit med låge tal på søkjarar, medan det er langt fleire søkjarar til studiar i dei store byane.

Kva er det som kan freiste nyutdanna til å busetje seg utanfor storbyane?

Korleis kan vi gjere institusjonar med låge tal på søkjarar meir attraktive?

Kva råd gir vi dei som er studentar? Kvifor har de valt Universitetet i Nordland?

Kva strategiar har kunnskapsmiljøa regionalt for å heve studiekvaliteten, skape kompetansearbeidsplassar og hindre "brain-drain" frå regionane?

Dei som er unge må få vite at det er fullt muleg å busetje seg over heile landet – ikkje berre rundt Oslo eller andre store byar for å få ein interessant jobb.

For at unge skal tenkje seg ei framtid i regionen, kan det vere smart å gje studentane trening som gründerar og innpass i dei ulike verksemdene i regionen. Nordland er eit av dei beste fylke når det gjeld gründeratsing. KRD bidreg med finansiering.

I 2010 deltok over 10 000 elever og studentar i Nordland i aktivitetar under Ungt Entreprenørskap.

Universitetet i Nordland har fått 1,6 mill kr til å arbeide med satsinga på entreprenørskap i høgare utdanning. I prosjektperioden skal dei mellom anna. jobbe med mobilisering, forretningsplankonkurranse og studentane skal få veileding på konkrete prosjekter.

I løpet av 2011 skal 30 unge gründerar koplast med ein mentor i Nordland. Koplinga gjørast i samarbeid med Connect Nord-Noreg. Per i dag er det i fylket gjennomført 8 koplingar. I juni arrangerast det første nettverkstreffet.

Eg ser fram til innlegga seinare i dag. Eg vil lytte nøye til råda som kjem. Det kan bli gode å ha med seg i arbeidet med ei ny stortingsmelding.